

Gaular kontrollutval

SEKOM-sekretariat

Møtebok

Møtestad: Gaular kommune - møterommet
Dato: 29.11.2017
Tid: Kl. 09:00 – 10:55

Faste representantar som møtte:

Aud Lunde
Dag Kjetil Storøy
Lars Egil Viken
Margunn Dyrdal

Forfall faste representantar:

Jarl Tyssekvam

Fylgjande vararep. møtte:

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
33/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
34/17	Skriv og meldingar
35/17	Prosjektplan for forvaltningsrevisjon: Samhandlingsreforma
36/17	Samanslåing av revisjonseiningane i Sogn og Fjordane - uttale
37/17	Møteplan 2018
38/17	Oppfølgingsliste 5 - 2017
39/17	Eventuelt

Andre som møtte: SEKOM-sekretariat ved Arnar Helgheim. KRYSS Revisjon ved Stig Årdal (sak 33 – 35) og Asgeir Tveit. Rådmann Atle Fasteland (sak 33 – 34).

Underskrifter:

33/17: Godkjenning av innkalling og sakliste

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:
(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak)

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Handsaming i Gaular kontrollutval 29.11.2017:
Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

GAU- 33/17 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

34/17: Skriv og meldingar

Tilråding frå SEKOM-sekretariat
(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak)

Skriv og meldingar vert tekne til orientering.

Handsaming i Gaular kontrollutval 29.11.2017:
Rådmann Atle Fasteland informerte om prosessen med ny kommune i indre Sunnfjord og tilsyn med kommunal beredskapsplikt.

Kontrollutvalet ønskjer kopi av Gaular kommune sitt svar til Fylkesmannen om beredskapsplikt (frist 22.1.18).

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

GAU- 34/17 VEDTAK:

Skriv og meldingar vert tekne til orientering.

35/17: Prosjektplan for forvaltningsrevisjon: Samhandlingsreforma

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:
(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Prosjektplan datert 8.11.17 vert godkjent.

Handsaming i Gaular kontrollutval 29.11.2017:
Forvaltningsrevisor Stig Årdal informerte om prosjektplanen.

Kontrollutvalet ønsker informasjon om status og framdrift på neste møte.

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

GAU- 35/17 VEDTAK:

Prosjektplan datert 8.11.17 vert godkjent.

36/17: Samanslåing av revisjonseiningane i Sogn og Fjordane - uttale

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Saka går vidare til kommunestyret).

1. Handsaminga i kontrollutvalet knyter seg til den delen av saka som gjeld kommunen si revisjonsordning.
2. Kontrollutvalet har ikkje merknadar til «Rapport om samanslåing av dei tre interkommunale revisjonseiningane i Sogn og Fjordane til ei revisjonseining» datert 15.9.17.
3. Kontrollutvalet legg til grunn at selskapsendringa skjer innanfor same kostnadsråde som i dag, og skal gi revisjonstenester som i omfang og fagleg nivå vert minst like bra som no.
4. Utvalet legg vekt på at ei eventuell samanslåing ikkje inneber ei endring frå interkommunalt samarbeid til anna revisjonsordning. Dersom andre løysingar vert aktuelle, skal kontrollutvalet etter kommunelova handsame og innstille til kommunestyret i saka.

Handsaming i Gaular kontrollutval 29.11.2017:

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

GAU- 36/17 VEDTAK:

1. Handsaminga i kontrollutvalet knyter seg til den delen av saka som gjeld kommunen si revisjonsordning.
2. Kontrollutvalet har ikkje merknadar til «Rapport om samanslåing av dei tre interkommunale revisjonseiningane i Sogn og Fjordane til ei revisjonseining» datert 15.9.17.
3. Kontrollutvalet legg til grunn at selskapsendringa skjer innanfor same kostnadsråde som i dag, og skal gi revisjonstenester som i omfang og fagleg nivå vert minst like bra som no.
4. Utvalet legg vekt på at ei eventuell samanslåing ikkje inneber ei endring frå interkommunalt samarbeid til anna revisjonsordning. Dersom andre løysingar vert aktuelle, skal kontrollutvalet etter kommunelova handsame og innstille til kommunestyret i saka.

37/17: Møteplan 2018

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet legg opp til følgjande møteplan for 2017:

- 24. januar
- 11. april
- 23. mai
- 12. september
- 28. november

Møta startar kl 9.00.

Felles møte med Førde, Naustdal og Jølster 6. mars kl 10.00.

Handsaming i Gaular kontrollutval 29.11.2017:

Sekretariatet informerte i møtet om at tilrådd møte den 11. april kan kollidere med møte i fellesnemnda for ny kommune i indre Sunnfjord der leiarane i dei 4 kontrollutvala og sekretariatet vert invitert.

Endringsframlegg

Møte onsdag 11. april vert endra til onsdag 4. april.

GAU- 37/17 VEDTAK:

Kontrollutvalet legg opp til følgjande møteplan for 2017:

- 24. januar
- 4. april
- 23. mai
- 12. september
- 28. november

Møta startar kl 9.00.

Felles møte med Førde, Naustdal og Jølster 6. mars kl 10.00.

38/17: Oppfølgingsliste 5 - 2017

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Gjennomgangen av oppfølgingslista vert teken til vitande.

Handsaming i Gaular kontrollutval 29.11.2017:

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

GAU- 38/17 VEDTAK:

Gjennomgangen av oppfølgingslista vert teken til vitande.

39/17: Eventuelt

Handsaming i Gaular kontrollutval 29.11.2017:

Ingen saker undere eventuelt.

GAU- 39/17 VEDTAK: